

Barnevern

Samarbeidsavtale mellom barnevernstenesta i XXX
kommune og Vestland tannhelseteneste



Vestland
fylkeskommune

Innhold

1.0 Generelt om samarbeidsavtalar	3
2.0 Samarbeidsavtale med XXX kommune.....	3
2.1 Føremål med avtalen.....	3
2.2 Evaluering.....	3
2.3 Målgruppe	4
2.4 Forankring	4
3.0 Partane sitt ansvar og plikter.....	5
3.1 Vestland tannhelseteneste	5
3.2 Barnevernstenesta i XXX kommune	7
4.0 Grunnlag og prinsipp for samarbeidet.....	8
5.0 Avtalesignering	9
6.0 Avtaletilpassing	10
7.0 Vedlegg/tillegg	11
Vedlegg: Rutine for Vestland tannhelseteneste når pasientar ikkje møter til avtalt time ...	11
Vedlegg: Rutine for tannhelsetenesta ved sending av bekymringsmelding til barnevern ...	11
Vedlegg: Spørsmål barnevernstenesta kan stille tannhelsetenesta i ei undersøkingsfase	11
Vedlegg: Samarbeidspartar og kjelder til informasjon	12
Vedlegg: Oversikt over barnevernsinstitusjonar i Vestland fylke	12
Vedlegg: Plan for fagleg støtte, oppdatering og rettleiing.....	13

1.0 Generelt om samarbeidsavtalar

Samarbeidsavtalar med kommunane i Vestland skal sikre at Vestland tannhelseteneste kan gje eit regelmessig og oppsøkande tilbod til barn og unge (0-20 år), personar med psykisk utviklingshemming over 18 år, langtidssjuke i institusjon og heimesjukepleie, personar med ruslidningar, personar i fengsel og flyktingar, asylsøkarar og familiesameinte busett i statlege mottak. Tannhelsetilboden skal vere oppsøkande og regelbunden og førebyggande tiltak skal prioriterast før behandling.

Vestland tannhelsetenesta har ei eiga [nettside for samarbeidspartane](#) til tannhelsetenesta der kommunar og andre finn meir informasjon.

2.0 Samarbeidsavtale med XXX kommune

2.1 Føremål med avtalen

Det overordna målet med avtalen er å gje nødvendig tannhelsehjelp til barn og unge som opplever/har opplevd vald, overgrep eller vanskjøtsel. Samarbeidsavtalen skal sikre tilpassa tann- og munnhelsetenester, uavhengig av bustad, diagnose og sosial bakgrunn, til barn og unge som opplever/har opplevd vald, overgrep eller vanskjøtsel. I tillegg skal samarbeidsavtalen sikre at det blir etablert gode rutinar mellom barnevernstenesta og tannhelsetenesta for å kunne avdekke vald, overgrep eller vanskjøtsel mot barn og unge.

Samarbeidet og rutinane må sikre at integriteten til barn og unge blir tatt vare på. Behandling og oppfølging må leggast til rette på ein god måte som fører til det beste for barnet.

Samarbeidsavtalen skal også bidra til kompetanseheving av tilsette i tannhelsetenesta og i den kommunale barnevernstenesta, og redusere skilnad i helse generelt og tannhelse spesielt for målgruppa.

2.2 Evaluering

Tannhelsetenesta skal årleg vurdere det faglege innhaldet i samarbeidsavtalen. Ved endringar i avtaleteksten, skal tannhelsetenesta informere kommunane. For å gjere det førebyggande arbeidet kunnskapsbasert, skal vi bruke kvalitetsindikatorar i samarbeidet.

Kvalitetsindikatorar som bør takast opp på samarbeidsmøte er til dømes antal varsel om bekymringsmelding sendt frå tannklinikken til føresette i føregående år eller periode, antal bekymringsmeldingar sendt frå tannklinikken til barnevernet i føregåande år eller periode, antal saker der barnevernet har bedt tannhelsetenesta om uttale i føregående år eller periode.

Tannhelsetenesta bør også gjere barnevernstenesta kjent med aktuell tannhelsestatistikk for kommunen/klinikken sitt opptaksområde som DMFT¹ og SiC-index² slik at barnevernstenesta får kjennskap til kva tannhelsestatus som er normalbiletet og kva som ikkje er det. Det er viktig at informasjonen bli formidla på ein måte som er lett å forstå for personar utan tannhelsefagleg bakgrunn.

2.3 Målgruppe

Barn og unge frå 0-18 år.

2.4 Forankring

Samarbeidsavtalen og innhaldet i avtalen er særleg forankra i

- Lov om tannhelsetenesta (tannhelsetenestelova) § 1-3 c.
- Lov om helsepersonell (helsepersonellova) § 33
- Lov om barneverntenester (barnevernlova); § 13 Opplysningsplikt
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova); § 13 Teieplikt
- Helsedirektoratet (2018). Nasjonal faglig retningslinje for tannhelsetjenester til barn og unge 0–20 år [nettdokument]. Oslo: Helsedirektoratet (sist faglig oppdatert 31. mars 2022, lest 29. september 2023). Tilgjengelig fra <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/tannhelsetjenester-til-barn-og-unge-020-ar>
- Helsedirektoratet (2017). Nasjonal faglig retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom [nettdokument]. Oslo: Helsedirektoratet (sist faglig oppdatert 25. juni 2021, lest 30. august 2021). Tilgjengelig fra <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skolehelsetjenesten>

¹ DMFT = Decayed, Missing, Filled Teeth. DMFT er eit mål for summen av antal tenner som har eller har hatt behov for behandling eller som har gått tapt på grunn av sjukdom (Helsedirektoratet).

² SiC-indeks – Significant Caries index – er den gjennomsnittlege DMFT-scoren for den tredjedelen av eit årskull med høgast DMFT-score (Helsedirektoratet).

3.0 Partane sitt ansvar og plikter

3.1 Vestland tannhelseteneste

I følge tannhelsetenenestelova skal Vestland fylkeskommune sørge for at tannhelsetenester i rimeleg grad er tilgjengelege for alle som bur eller mellombels oppheld seg i fylket (§ 1-1). Den offentlege tannhelsetenesta skal gje eit «*regelmessig og oppsøkande*» tannhelsetilbod til prioriterte grupper, her under barn og unge mellom 0-20 år (§ 1-3). Fylkeskommunen skal ha særleg merksemd mot at pasientar kan vere utsett for, eller kan stå i fare for å bli utsett for, vald eller seksuelle overgrep. Vestland fylkeskommune (VLFK) skal legge til rette for at den offentlege tannhelsetenesta er i stand til å førebygge, avdekke og averje vald og seksuelle overgrep (etter § 1-3 c.). Førebyggande tiltak skal prioriterast før behandling.

1. Tannhelsetenesta skal kalle inn til samarbeidsmøte mellom barnevernstenesta, aktuelle barnevernsinstitusjonar og tannhelsetenesta ein gong i året. Tannhelsetenesta er ansvarleg for møteinkalling og referat.
2. Tannhelsetenesta skal informere barnevernet og barnevernsinstitusjon om sine rutinar for innkalling til tannhelseundersøking, informasjon til føresette og sending av bekymringsmelding.
3. Tannhelsetenesta har ansvar for å gje tilsette i barnevernstenesta og tilsette på barnevernsinstitusjon fagleg støtte, oppdatering og rettleiing. Det skal lagast ein systematisk plan for dette - sjå vedlegg.
4. Tilsette i tannhelsetenesta skal vere kjent med kontakttelefonen til barnevernstenesta i sitt klinikkområde.
5. Tilsette i tannhelsetenesta skal, utan hinder av teieplikt melde frå til barneverntenesta med ein gong det er grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli mishandla, utsett for alvorlege manglar ved den daglege omsorga eller annan alvorleg omsorgssvikt, jamfør helsepersonellova (§ 33 a-d).
6. Tannhelsetenesta pliktar å gje opplysningar til barnevernet når barnevernet ber om dette, jamfør barnevernenestelova (§ 13). Informasjonen skal tilpassast mottakar.
7. Tannhelsetenesta skal sikre at journal og timebok blir lagra og ført på ein slik måte at ingen opplysningar kjem til uvedkommande.
8. Tannhelsetenesta skal gjere kjent kva spesialkompetanse tenesta har som er viktig for målgruppa. Tannhelsetenesta har spesialistar i barnetannpleie (pedodontistar). I tillegg finst det tilrettelagt tilbod til pasientar med angst for tannbehandling. Senter for odontofobi har særskild kompetanse med behandling av pasientar som har opplevd tortur, overgrep eller som har odontofobi (TOO). I tillegg finst det fleire TOO-team i fylket. TOO-teama er tverrfaglege team som består av både psykolog og tannhelsepersonell med særskild kompetanse om målgruppa.
9. I saker der tannhelsetenesta er usikker på grad av bekymring, kan barnevernstenesta gje råd og rettleiing. Drøftingar i enkeltsaker skal vere anonyme inntil det ligg føre ei bekymringsmelding til barnevernet.

10. Tannklinikken skal ha kjennskap til kva statlege, private og kommunale barnevernsinstitusjonar som finst i tannklinikken sitt opptaksområde og sikre at relevant informasjon er kjent for desse.

3.2 Barnevernstenesta i XXX kommune

Etter barnevernlova er kommunen ansvarleg for å utføre dei oppgåver som ikkje er tillagt eit statleg organ. Kommunen skal, mellom anna, gje råd og rettleiing og treffe vedtak i medhald av barnevernlova og sjå til at tiltak vert følgt opp.

Barnevernstenesta har spesielt ansvar for å avdekke omsorgssvikt, åtferds-, sosiale og emosjonelle problem så tidleg at varige problem kan unngåast.

1. Barnevernstenesta og aktuelle barneversinstitusjonar skal delta på årlege samarbeidsmøte med Vestland tannhelseteneste. I dei årlege samarbeidsmøta skal det vere dialog om kva som fungerer og kva som kan betrast i samarbeidet i tillegg til signering av ny samarbeidsavtale.
2. Barnevernstenesta og aktuelle barneversinstitusjonar skal kjenne til tannhelsetenesta sine rutinar for innkalling til tannhelseundersøking, rutine for varsel til føresette og sending av bekymringsmelding.
3. Barnevernstenesta skal vere tilgjengeleg for Vestland tannhelseteneste med råd og rettleiing i saker der det er mistanke om at barn er utsett for vald, overgrep og/eller vanskjøtsel. I saker der tannhelsetenesta er usikker på grad av bekymring, kan barnevernstenesta gje råd og rettleiing. Drøftingar i enkeltsaker skal vere anonyme inntil det ligg føre ei bekymringsmelding til barnevernet.
4. Barnevernstenesta skal gje tilbakemelding til den som melder, seinast innan tre veker etter at meldinga er tatt i mot. Tilbakemelding kan unnlatast i tilfelle der meldinga er klart ugrunna eller der andre særskilte omsyn veg i mot å gje tilbakemelding (barnevernlova § 13-3). Tilbakemeldinga skal stadfeste at meldinga er tatt i mot og Vestland tannhelseteneste skal opplysast om det er opna sak etter barnevernlova (§ 13-2). Dersom det er opna sak, skal tannhelsetenesta ha ny tilbakemelding om at undersøking er gjennomført. Den nye tilbakemeldinga skal innehalde opplysningar om saka er lagt bort eller om barnevernstenesta følgjer opp saka vidare. Barnevernstenesta kan, om det er nødvendig i den vidare oppfølginga av barnet, gje tilbakemelding til melder om kva for tiltak som er eller skal settast inn (barnevernlova § 13-3, fjerde ledd).
5. Barnevernstenesta kan med fordel hente inn opplysningar frå tannhelsetenesta i saker der det kan vere relevant. Sjå tannhelsetenesta si nettside med forslag til kva spørsmål som ofte er aktuelle å stille. Tannhelsetenesta kan berre gje ut opplysningar som er etterspurt frå barnevernstenesta. Det er viktig at samarbeidsmøta blir brukt til å diskutere kva type informasjon som er nyttig og viktig å hente inn hos tannhelsetenesta.
6. Barnevernstenesta og barneversinstitusjonar skal informere tannhelsetenesta når eit barn under deira omsorg flyttar frå ein kommune til ein anna, for å sikre oppfølging frå tannhelsetenesta. Barnevernet pliktar å gje nødvendig og hensiktsmessig informasjon til aktuell tannklinikks om barn som bur på hemmeleg adresse, slik barnet får oppfylt sin rett til tannbehandling i den offentlege tannhelsetenesta.
7. Barnevernstenesta skal ta kontakt med tannhelsetenesta om barnevernstenesta blir kjent med barn som har synleg behov for tannhelsetenester som t.d. smerter, problem ved inntak av mat, problem med søvn osv.

4.0 Grunnlag og prinsipp for samarbeidet

- Barnet sitt behov skal vere styrande for samarbeidet.
- Samarbeidet mellom XXX kommune og Vestland fylkeskommune skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg i rett tid.
- Samarbeidet skal sikre at barnet/ungdomen kan oppretthalde ei god oral helse. Dette inneber at barnet/ungdomen
 - ikkje har smerter, ubehag eller alvorlege lidinger i munnhola
 - har tilfredsstillande tyggefunksjon
 - kan kommunisera og ha sosial omgang utan problem som skuldast munn- og tannhelsa.
- I møte med barn og unge skal alle behandlast rettferdig og med respekt.
- Førebyggande tiltak skal prioriterast før behandling.
- Samarbeidet er forankra i toppleiringa i Vestland fylkeskommune og XXX kommune. Alle som jobbar med målgruppa for avtalen er kjend med den.
- Vestland fylkeskommune og barnevernstenesta i XXX kommune arbeider kunnskapsbasert, basert på tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid.
- Barnevernstenesta i XXX kommune og tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune skal setje av tid til å møtast og dele erfaringar og idear. Det skal vere låg terskel for partane til å ta kontakt med kvarandre.

5.0 Avtalesignering

Avtalen må reviderast ved endring i lovverk, organisering og anna som er avgjerande for samarbeidet. Avtalen blir automatisk forlenga med eitt år om gongen, med mindre anna er meldt frå om skriftleg. Avtalen gjeld fram til ny avtale blir utarbeidd og tatt i bruk.

(...) kommune –
(gjeldande etat)

Vestland fylkeskommune –
tannhelsetenesta

dato underskrift, representant frå
 barnevernet

underskrift, representant frå
tannhelsetenesta

6.0 Avtaletilpassing

Noter her om det er nødvendig med endringar eller tilpassingar i avtalen (dato og signatur frå begge partar):

7.0 Vedlegg/tillegg

Vedlegg:

Rutine for Vestland tannhelseteneste når pasientar ikkje møter til avtalt time

Når pasientar ikkje møter til oppsett time på tannklinikken, har Vestland tannhelseteneste ei rutine for kva vi skal gjere for å følgje opp pasienten.

Rutinen kan du lese på vår nettside: [For samarbeidspartane til tannhelsetenesta \(Barn og unge\)](#),

I tillegg finn du dei breva vi sender ut til dei som ikkje møter til avtalt time hos Vestland tannhelseteneste.

Vedlegg:

Rutine for tannhelsetenesta ved sending av bekymringsmelding til barnevern

Når Vestland tannhelseteneste skal sende bekymringsmelding til det kommunale barnevernet, har vi rutine for korleis dette skal skje.

Rutinen kan du lese på vår nettside: [For samarbeidspartane til tannhelsetenesta \(Barn og unge\)](#).

Her finn du også det skjema vi bruker når vi sender bekymringsmelding til barnevernet.

Vedlegg:

Spørsmål barnevernstenesta kan stille tannhelsetenesta i ei undersøkingsfase

I ei undersøkingsfase for det kommunale barnevernet, er det nokre spørsmål den offentlege tannhelsetenesta spesielt kan svare på. Dei finn du på vår nettside [For samarbeidspartane til tannhelsetenesta \(Barn og unge\)](#).

Vedlegg: **Samarbeidspartar og kjelder til informasjon**

I arbeidet med å førebygge, avdekke og avverje vald og seksuelle overgrep mot barn og unge, er det mange som må samarbeide. På Vestland tannhelseteneste si nettside [For samarbeidspartane til tannhelsetenesta](#) (Barn og unge) finn du ei oversikt over nokre relevante samarbeidspartar.

Ta kontakt med [ressursgruppe barnevern](#) om du har spørsmål knytt til dette.

Vedlegg: **Oversikt over barnevernsinstitusjonar i Vestland fylke**

Oversikt over barnevernsinstitusjonar (statlege, private og ideelle), ligg på Bufdir sine nettsider. [Her finn du oversikt over barnevernsinstitusjonar i Vest](#)

Lenke til oversikten finn du også på Vestland tannhelseteneste sine nettsider; [For samarbeidspartane til tannhelsetenesta](#) (under overskrifta *Barn og unge*)

Vedlegg: **Plan for fagleg støtte, oppdatering og rettleiing**

Kompetanseoverføring: Det er eit aukande behov for kompetanse på tannhelsefeltet. Den offentlege tannhelsetenesta skal organisere førebyggande arbeid innan tannhelse, og skal difor ha fokus på rettleiing og undervisning om tannhelse til barnevernstenesta og til andre som yt tenester til barn og unge.

Tannhelsetenesta har ansvar for å gje tilsette i barnevernstenesta fagleg støtte, opplæring og rettleiing etter dei til ei kvar tid gjeldande tilrådingane for god oral helse/tannhelse.

Ønsker de undervisning i år:

JA

NEI

Dersom JA:

Korleis ønsker de at undervisninga skal gjennomførast (samla/avdelingsvis osv.) og kven er ansvarleg?

Ønska tidspunkt for undervisning:


Dersom NEI:

Kvífor:

Dato:

Underskrift: _____

Tilbodet er eit ledd i kvalitetssikring og dokumentasjon, jf. samarbeidsavtalen sitt punkt 3.0 – *Partane sitt ansvar og plikter*.



vestlandfylke.no